

LOKAL LÆREPLAN FOR PIANO. KJERNEPROGRAM. FASE 1		
INNHOLD	LÆRINGSMÅL	LÆRINGSFORM
INSTRUMENTET	Bli kjent med pianoet (inni og utanpå) Lokalisere tangentar Improvisere/leike med t.d. dei svarte tangentane (pentatonikk)	Individuell undervisning Solospel og samspel med læraren
KROPPSHALDNING	Innarbeide rett sitjestilling, arm-, hand- og fingerposisjon (m.a. for å motverke feilbelastning)	Lytte, observere, imitere, improvisere
TEKNIKK	5-fingerposisjon (både hender) Fingersetting Legato, non legato, staccato	Mest notebasert
TEORI	Grunnleggjande note- og rytmelære Bindeboge Nokre dynamiske teikn 2-delt og 3-delt takt	Øving heime
REPERTOAR	Korte spelestykke/songar i dur og moll m. enkel bassgang	
ØVING	Opparbeide gode øvingsrutinar Ta ansvar for eiga læring	

LOKAL LÆREPLAN FOR PIANO. KJERNEPROGRAM. FASE 2		
INNHOLD	LÆRINGSMÅL	LÆRINGSFORM
KROPPSHALDNING	God sitjestilling, hand- og armposisjon (sjå fase 1)	Individuell undervisning
TEKNIKK	Øvingar for finger- og armteknikk. Skala og arpeggio Frasering; legatoboge, betoningsboge Bli kjent med høgrepedalen	Firhendigspel med lærar og andre elevar Evt. samspel med elevar som spelar andre instrument
TEORI	Bli fortruleg med hovudtreklangane (tonika, dominant, subdominant) Intervall-nemningar frå prim til kvint Introdusere kvintsirkelen. Dur- og molltoneartar med opptil 2 # og 2 b Faste og kromatiske forteikn Meir om dynamikk og tempouttrykk	Sporadisk gruppeundervisning i teoriemne Regelmessig øving heime
REPERTOAR	Lære spelestykke i ulike stilartar med opp til 2 # og 2 b Utanåt-læring	
KREATIVE ØKTER	Melodi-bygging med gitte rammer (t.d. taktart, melodisk mønster, sekvensar, akkordskjema) Våge å vere kreativ	
ØVING	(Sjå fase 1)	

LOKAL LÆREPLAN FOR PIANO. KJERNEPROGRAM. FASE 3		
INNHOLD	LÆRINGSMÅL	LÆRINGSFORM
KROPPSHALDNING	(Sjå fase 1 og 2)	
TEKNIKK	(Sjå fase 1 og 2) Meir bruk av høgrepedalen Øvingar for finger-, handledds- og underarmsteknikk. Skala og arpeggio Prima Vista-trening	(Sjå fase 2) Konsertar/framføring på ulike arenaer.
TEORI	Utvide akkord-repertoaret med treklangane på 2. og 6. trinn i durskalaen, til bruk i besifring og harmonisering. Akkordane omvendingar Intervall-nemningane frå sekst t.o.m. decim Transponering av enkle stykke v/hjelp av intervall-lesing (relativ noteavstand) og fingersetning Kvintsirkelen; definere dur- og molltoneartar Auka kjennskap til ulike stilartar og sjangertrekk Auka kjennskap til tempo- og karakteruttrykk	Effektiv eigenøving. Samspeløvingar
REPERTOAR	Variert sjangerutval. Musikkstykke med opp til 4 # og 4 b Arbeide med innleving/tolking/presentasjon	
KREATIVE ØKTER	Bli trygg/meir fortruleg med skapande aktivitet Notasjon av «musikalske innfall»/komposisjonar. Bearbeiding	
ØVING	(Sjå fase 1)	

OPPSUMMERING LÆRINGSMÅL, PIANO, FASE 1, 2, og 3

Kunnskapsmål:

Note- og rytmelære. Fingersetting. Intervall. Kvintsirkelen. Dur og moll. Akkordar. Besifring.

Dynamikk. Ulike bogetypar. Legato, non-legato, staccato.

Tempo- og karakteruttrykk.

Dugleiksmål:

Notelesing inkl. Prima Vista-spel.

Definere dur- og molltoneartar.

Bruke ulike speleteknikkar (finger-, handledds-, armttekn.).

Musikalsk tolking/uttrykk

Besifringsspel.

Transponering.

SKULE/HEIM

Forventningar til eleven/heimen:

1. Møte presis til undervisning.
Hugse å ta med aktuelle notar/oppgåvemark.
2. Gi melding til læraren dersom eleven er forhindra frå å kome til timen.
3. Legge til rette for gode øvingsrutinar heime.

Forventningar til læraren:

1. Møte førebudd med adekvat undervisningsmateriell.
2. Sørge for eit trygt og godt læringsmiljø.
3. Styrkje eleven si tru på eigne evner.

Haldningsmål:

Medvit om at måloppnåing krev innsats og flid. (Ansvar for eiga læring)

Lytteevne og samarbeidsevne (samspel)

Formidlingsevne

Auka sjølvkjensle/tru på eigne evner